




# **KYRKJEBLAD**

## **FOR VAKSDAL PRESTEGJELD**

Nr. 1

Februar 1979

33. årg.



**FLATEKVAL KYRKJE**

- 
- \* STAMNES INDREMISJON 100 ÅR (s. 2)
  - \* KLOKKARSKIFTE I BERGSDALEN (s. 3)
  - \* ANNA RAVNESTAD TIL MINNE (s. 3)

## STAMNES INDREMISJON 100 ÅR

Det er allereide gått ei tid sidan 100 års feiringa til Stamnes indremisjon med jubileumsfest og jubileumsgudsteneste. Laurdag den 2. desember var det stor fest med mykje folk i bedehuset. Sekretær Johan Åsgård tala og elles var det mange helsingar. Me vil her ta med den vakre prologen som var skriven til dette høve av Elise Straume.

Til Stamnes Indremisjon sin hundreårsdag me samlar oss her til takkefest, unge og eldre ilag.

Ved ein milepel me står i bygda vår her og i tankane attende i tida me ser. Me takka vil Herren for hans trufasthet og nåde i dei farne år men også minnst dei menn som si oppgåve her såg:

Å bera Guds ord i bygd og i grend, til den lengtande sjel bringa bod frå frelsaren.

Fred med Gud ved Jesu blod dei fann då dei seg bøygde ved krossens fot. Frå hjarta det steig ei takk frå den stund ein ny song vart lagt i deira munn. Og eit kall dei fekk ifrå Gud: Om mitt namn de bera skal bud om ikkje så langt og vide de når, ber frelsebodet her, ja, just her i det små.

Dei samlast om ordet i stovene i kvar grend

— også her, på den staden me no stend. Her stod den gamle «Soknestova», her bad dei og gret, men og Gud dei lova, når sjeler vart løyste frå synda sine garn, og ved Guds store nåde vart hans barn, Då takka dei Gud med tårer på kinn som bøya kunne det stolte sinn. Og frå Guds rike skattar ut dei gav, dei sådde ordet til dei gjekk i si grav.

No er arbeidsdagen vår, han gav og oss dette kall

der den daglege vegen din går, mitt vitne du vera skal

Han gav oss ei tenesta så stor, for Jesus å vinna våre kjære, vår bror. Til truskap i hjarta Herren ser ned den audmjuke gjev han nåde og fyller hjarta med fred.

Så kastar me såkornet ut, i tru på hans ord han åleine gjev vokster, så det spirer og gror.

Fyrst av alt må me i barnehjarta så, fortelja om Jesus, kor han elsker dei små Men og til dei unge, med blømande kinn, som bort seg vil leike, som hvirvlande vind, Dei treng å få høyra om Jesus! Og dei som på middagshøgden står, så titt dei fekk røynd at verda gjev sår Dei treng å høyra om Jesus! Og så til dei gamle som seg støttar til stav lik visnande blomen, snart fell dei av, Dei treng å høyra om Jesus!

Men skunda oss me må dagen den mørknar og natta fell på, sterke krefter vil taka oss fatt og røva frå oss vår dyraste skatt Me treng å leva nær Jesus! Må vakne og bedande for Herren me stå kanhende at sjeler for han me enno kan nå! Mot himmelen me vil rekkja våre bedande hender me bed for vårt folk, vår bygd, våre grender.

Og enno me kan frå hans ord få helse: Herrens arm er ikkje for kort til å frelse!

Til sist vårt ynskje for 100-års jubilaranten vår:

Måtte Indremisjonen også i komande år den trugne tenar få vera, i Jesu namn som ordet fram kan bera, så det for folket lysa kan.

Skulle enn tida verta hard og strid, få nåde å sjå mot utløysingsdagen blid. Og då frå frelsaren sjølv høyra ordet: «Du trugne og gode, gå inn og gled deg ved bryllupsbordet.»

### KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL PRESTEGJELD

Bladstyrar:

Dagfinn Lofthus

Medarbeidarar:

Johanne B. Helle  
og Magne Hesjedal.

Kasserar:

Ragnar Trohjell, 5297 Gammersvik.

Postgiro 5 72 34 73.

Bankgiro 3500.50.13117.

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal.

Bladpengar kr. 10,00 for året.

## Klokkarskifte i Bergsdalen

Klokkaren i Bergsdalen kapell, Anders Fosse, slutta i stillinga 1. oktober i fjor. Han fyllte 70 år i september, og har såleis mange og trufaste år bak seg i kyrkja si teneste. Det var i 1962, då Ingvald Folkedal reiste frå dalen, at Anders Fosse tok over klokkartenesta, etter han.

Under krigen kom han med i soknerådsarbeidet. Då vart det verken halde val eller skrive møtebok for soknerådet. Men han møtte i Evanger sokneråd for faren som var sjuk. Den tid var det berre eitt sokneråd for heile prestegjeldet. Etter krigen vart han vald inn i Evanger sokneråd, og var medlem i 13 år, derav 7 år som formann. Då Bergsdalen fekk eige sokneråd i 1958, møtte han som varamann i fyrste perioden. Seinare var han medlem til og med 1977. Og i 15 av desse 16 åra var han formann.

Anders Fosse har alltid arbeidd med iver for Guds rike og kyrkja si sak. Han er ein av dei som har vore med og helde oppe det kristelegt arbeid i dalen. I 20 år var han søndagsskulelærer. Og i heimen på Fosse fekk alltid emissærane hus, mat og

møterom då dei verka nederst i dalen.

Då det ikkje har meldt seg søkjar til den ledige klokkarstillinga, har Per Småbrekke etter oppmoding teke på seg å vikariera mellombels.

## Anna Ravnstad til minne



Den 5. januar kom bodet frå Vaksdal sjukeheim om at Anna Ravnstad var død. Det kom nok ikkje så overraskande på dei som sto henne nærast, for i mange år hadde ho no vore dårleg. Mange gonger så dårleg at ein ikkje rekna med at ho ville koma seg att, men kvar gong fekk ho nye krefter. Ho døydd 89 år gamal.

Me her i kyrkjebladet vil takka henne for lang og trufast teneste i kyrkja. I heile 32 år var ho organist i den gamle dalekyrkja. Ho har såleis vore med og teke del i mange syrgje- og gledestunder saman med folket her. Organiststillinga kom i tillegg til hennar arbeid på fabrikkken, så det kunne vera mykje å gjera, men denne tenesta ved orgelet var hennar store interesse. I mange år var ho og fast å spela ved indremisjonsmøta. Ho var elles interessert i song og misjon. He lyser fred over henna minne.

M. S.

## Kyrkjeblad for Vaksdal

### Rekneskap for 1978.

Tala i parantes er for året før.  
Innkomne bladpengar

kr. 10.757,— (11.495,—)

Dette er 58 % av husstandane, mot  
året før 63 %.

Andre inntekter 1.816,86 (1.629,30)

Samla inntekter 12.573,86 (13.124,30)

Utgifter til prenting

kr. 11.661,59 (9.276,38)

Andre utgifter 1.111,52 (671,40)

Samla utgifter 12.773,11 (9.947,78)

Dette gjev altså eit underskot på kr.  
199,25. Året før var det eit overskot  
på kr. 3.176,52.

Bladpengane fordeler seg slik:

Dale kr. 4.460,— 49 %

Vaksdal » 2.875,— 63 %

Stamnes » 2.454,— 67 %

Bergsdalen » 190,— 63 %

Flatekval » 285,— 84 %

Nesheim » 250,— 78 %

Utanbygds » 243,—

Ialt kr. 10.757,— 58 %

Tala i prosent syner kor mange i kvar sokn som har betalt. For dei 3 siste nr. gjekk trykkingsutgiftene opp. I 1979 vil me få denne auken på alle nr., og då vil det kosta omlag 15.000,— kr. å gje ut bladet.

Siste året var det over 700 husstandar som ikkje betalte bladet. Med 10 kr. i bladpengar vil dette gje ein auke i inntektene på kr. 7.000,—. Når innbetalingskorta vert sende ut, vil me be folk vera flinke å nytta dei.

Ragnar Trohjell,  
kasserar

### Hausvik og Faugstad <sup>1/2</sup>

#### Vaksdal

Telefon 3603

### Dale Fabrikksalg

5280 Dalekvam  
Tfn. Dalekvam 2261

Tekstilvarer — Sengetøy  
Bomull og ull metervarer  
Strikke- jakker og gensere

### A. L. VATLE

#### DALE

Kjøtt, pølser og påleggsvarer  
Frukt og grønnsaker

### Voss Samvirkelag

Avd. 14 — 5294 Eidslandet  
Avd. 15 — 5296 Eksingedalen

#### Konfirmasjonssøndagane:

Dale 6. mai

Vaksdal 6. mai

Stamnes 13. mai

Eidslandet 13. mai

Bergsdalen 20. mai

Flatekval 27. mai

Res.kap. Dagfinn Lofthus har permisjon frå stillinga frå 5. februar.

## KYRKJESTATISTIKK FOR 1978

|             | Dale/<br>Bergsdalen | Vaksdal   | Stamnes/<br>Eidsland | Flatekval/<br>Nesheim | Tilsaman    |
|-------------|---------------------|-----------|----------------------|-----------------------|-------------|
| Fødde       | 25 (21)             | 17 (10)   | 15 (3)               | 0 (2)                 | 57 (36)     |
| Døypte      | 28 (20)             | 19 (15)   | 13 (9)               | 3 (3)                 | 63 (36)     |
| Konfirmerte | 36 (35)             | 19 (17)   | 19 (13)              | 4 (4)                 | 78 (69)     |
| Vigde       | 11 (12)             | 7 (1)     | 2 (1)                | 2 (0)                 | 22 (14)     |
| Døde        | 30 (21)             | 14 (12)   | 10 (12)              | 0 (3)                 | 54 (48)     |
| Nattverd    | 610 (360)           | 369 (445) | 202 (336)            | 203 (182)             | 1384 (1323) |
| Utmelding   | 6 (0)               | 3 (1)     | 0 (1)                | 0 (0)                 | 9 (2)       |

Det er kome inn ved ofringar i kyrkjene:

Dale kyrkje kr. 36.933,— (15.730,—)

Vaksdal » » 23.774,— (20.136,—)

Bergsd. » » 3.216,— (1.502,—)

Stamnes » » 14.420,— (11.688,—)

Eidsl. » » 5.409,— (6.912,—)

Flatekval » » 4.509,— (2.474,—)

Nesheim » » 3.216,— (4.378,—)

Tilsaman kr. 93.029,55 (64.660,—)

### Frå kyrkjebøkene

#### DØYPT:

Dale:

Nils Magnus Ørnes f. 20.9. 1978, døypt 2.12. 1978.

Lill Søndergaard f. 11.11. 1978, døypt 26.12.

Caroline Hol f. 11.10 1978, døypt 25.12.

Pamela Hope f. 13.10. 1978, døypt 7.1. 1979.

Renathe Danielsen Boge f. 24.8. 1978, døypt 7.1. 1979.

Stamnes:

Ane Laastad Dyvik f. 5.9. 1978, døypt 3.12.

Inger Susanne Leiren f. 14.10. 1978, døypt 26.12. 1978.

Terje Steinsland f. 23.8. 1978, døypt 26.12.

Torben Lilletvedt f. 23.10. 1978, døypt 26.12.

Knut Robert Langeland f. 24.10. 1978, døypt 26.12.

Vaksdal:

Camilla Therese Tolås f. 12.10. 1978, døypt 25.12.

Nils-Henrik Jamne f. 30.9. 1978, døypt 3.12.

#### VIGDE:

Dale:

Robert Brekke og Gro Karin Fosse, vigd 29.12. 1978.

Harald Simmenes og Ruth Haukenes, vigd 19.1. 1979.

Terje Fyllingslid og Linda Vestbø, vigd 20.1. 1979.

Stamnes:

Ingebrigt Gammersvik og Anita Alise Vik, vigd 20.1. 1979.

Vaksdal:

Sture Helle og Sølvi Fotland, vigd 12.12. 1978.

#### AVLIDNE:

Dale:

Lars K. Hjelmeland f. 7.6. 1897, død 14.12. 1978, gravlagd 19.12. 1978.

Olav Ø. Sellevold f. 5.6. 1914, død 15.12. 1978, gravlagd 20.12. 1978.

Anna K. Ravnstad f. 25.10. 1889, død 5.1. 1979, gravlagd 12.1. 1979.

Vaksdal:

Ole Teigen f. 21.1. 1917, død 30.11. 1978, gravlagd 6.12.

Men kristne mennesker har vel ikke avguder? Til det er å svare: Det som går foran Gud og Hans vilje med deg, kan bli din avgud. Hver gang du gjør noe som er imot Guds vilje, tjener du en eller annen avgud. Alt som kommer mellom deg og Gud, så det teller mer enn hensynet til Gud — — — det er en avgud.

Selv «gode» ting kan bli en avgud: Hensynet til familie og venner, ja til og med din interesse for en bestemt «kristen» virksomhet kan gjøre at du dyrker din egenvilje — — — istedenfor den eneste sanne Gud.

Doktor Einar Lundby:

2. Bud:

## Om å misbruke Guds navn

«Du skal ikke misbruke Herren din Guds navn!» — — — Hvorfor er det slik synd å misbruke Guds navn? Fordi det er å nedvurdere Herren selv. — — — Navnet og personen er hos de fleste folkeslag det samme, og ærbødighet for det hellige, d.v.s. Herren selv, skal derfor være en selvsagt ting. «Herren lar seg ikke spotte,» står det. Bibelen og Det nye testamentet angir som vårt ansvar å leve slik at hedningene ikke skal spotte Guds navn for vår skyld. Når respek-

seder. I Romerrikets undergang har vi jo et greit eksempel på dette.

Budet om å holde Guds navn i ære er jo først og fremst talt til de kristne, men har adresse til alle mennesker, og uttaler sin dom over alle som misbraker Guds navn. Med Guds navn menes jo — — — som allerede sagt — — — alt som har med Gud og Guds rike å gjøre.

Den som spotter og nedvurderer kristendommen og ellers alt det som kristendommen står for, gjør seg skyldig i synd mot det annet bud, og vil bli straffet for det. En av de tyskerne som hadde ordnet med båter til utskipping av jødene, syntes at den dødsdommen han hadde fått, var en altfor streng straff. «Du har bare ikke lest din Bibel», sa jeg. «Der står det nemlig: *Den som rører ved mitt folk, rører ved min øyenstein*». Men hva da med alle som — — — kanskje i kåthet eller av vanvare — — — har brutt det annet bud? Også det svarer Bibelen på: *Peter refset jødene for spott og dødsdom over Jesus.* — — — *Fatt derfor et annet sinn.* Og Paulus sier: *Jeg som før har spottet, har fått tilgivelse fordi jeg gjorde det i uvitenhet.*»

Men en omvendelse og bekjennelse må det til.

### 1. søndag i faste, 4. mars:

(1. Mos. 2. 8-9 + 3. 1-19)

*Stamnes kyrkje* kl. 11.00. Res.kap. Lofthus. Nattverd. Offer til Norsk Luth. Misjons-samband.

*Flatekval kyrkje* kl. 11.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Steinnes. Eksingedalen bl.kor. Offer til I.K.O.

*Dale kyrkje* kl. 18.00. Sokneprest Steinnes. Offer til Fagertun leirstad.

### 2. søndag i faste, 11. mars:

(Matt. 15. 21-28)

*Vaksdal kyrkje* kl. 11.00. Res. kap. Loft-hus. Nattverd. Offer til Santalmisjonen.

*Eidslandet kyrkje* kl. 11.00. Familiegudsteneste ved sokneprest Steinnes. Offer til Nordhordland Indremisjon.

*Bergsdalen kyrkje* kl. 17.00. Kveldsgudsteneste ved res.kap. Lofthus.

### 3. søndag i faste, 18. mars:

(Luk. 11. 14-23)

*Dale kyrkje* kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Nattverd.

*Nesheim kyrkje* kl. 11.00. Res.kap. Loft-hus. Nattverd.

### Maria bodskapsdag, 25. mars:

(Luk. 1. 26-38)

*Vaksdal kyrkje* kl. 11.00. Sokneprest Steinnes. Eksingedalen bl.kor.

*Stamnes kyrkje* kl. 11.00. Res.kap. Lofthus.

### Ekspedisjonstider ved våre kontor:

| DALE, telefon 2421                  | Frå   | Til   |
|-------------------------------------|-------|-------|
| Måndag, tysdag,<br>onsdag og fredag | 8.30  | 15.00 |
| Torsdag .. . . .                    | 10.00 | 17.30 |

| VAKSDAL, telefon 3605 |       |       |
|-----------------------|-------|-------|
| Tysdag og fredag      | 8.30  | 15.00 |
| Torsdag .. . . .      | 10.00 | 17.00 |

| STAMNES, telefon 8015 |      |       |
|-----------------------|------|-------|
| Måndag .. . . .       | 9.30 | 14.00 |

### Bruvik Sparebank

*Vaksdal, Dalekvam, Stamneshella*

### Stamnes Handelslag STAMNESHELLA

### Dale Handelsforening Dalekvam

skje på en litt ufin måte. Som kan-  
skje slukes i den grad av interessen  
for dette gode, at man må ofre både  
ektefellens og barnas krav på litt  
hjemmehygge.

Kunsten hadde også dengang sin  
gud. Men til kunsten — — som  
kunst — — ofrer da vel ingen?  
Hva har dog ikke mennesker ofret  
på kunstens alter, moral, ansvars-  
følelse og åndelige verdier, — —  
bare det kunne tjene kunsten.

Og slik kunne vi fortsette.

### RADIOSPECIALEN <sup>A/S</sup>

Tlf. 2240 DALKEVAM

### RADIO — TV

Reparasjonsverkstad

### BØKER — PAPIR — BIBLAR

### SALMEBØKER- SANGBØKER

### EIDE & PETERSEN <sup>A/S</sup>

Tfn. 2258 DALEKVAM

### K. SEIM

*Kolonial & Delikatesse*

Tlf. 2323 DALEKVAM

### BRUVIK HANDELSLAG

*Ass. Landhandel og Bakeri*

FILIAL SKAFTÅ

### Arthur og Arne Vaksdal

### KVIKKBAR

Dalekvam

Tfn. 2161 — 2112

### Handelslag

### DAL

2. Snarkjøp 3710,

eigen forretning